

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Frank Mohn Flatøy AS - Oil & Gas  
Flatøy  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3996 - 16/31263

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
11.11.2016

## VERKSEMDER MED KJØLETÅRN OG LUFTSCRUBBERE - KRAV OM INNHEMING AV VURDERING FRÅ AKKREDITERT INSPEKSJONSORGAN

Den 30.6.15 sendte Frank Mohn Flatøy AS – Oil & Gas inn meldeskjema til kommunen om scrubberanlegg. Dette i samsvar med forskrift 2003 nr. 486 om miljøretta helsevern kap. 3a.

1.1.14 vart forskrifta kap. 3a §11 c og § 11 d endra. Endringa innebar at alle kjøletårn og luftscrubberer skulle vere vurdert av eit akkreditert inspeksjonsorgan og deretter ny vurdering minst kvart 5. år. Denne ordninga vart satt med ei frist til 1.1.16. Fristen vart utsett av Helsedirektoratet grunna manglande inspeksjonsorgan som var akkreditert av Norsk akkreditering (NA).

### **Ny frist vart satt til 1.1.17**

Helsedirektoratet har bedt kommunen om å informere verksemdar om kravet og den nye fristen som nå er satt. NAs heimeside <http://www.akkreditert.no/> vil til ein kvar tid opplyse om kva for inspeksjonsorgan som er akkreditert av NA innanfor dei ulike fagområder, herunder Legionella.

Verksemdar med kjøletårn og luftscrubberer kan også nytte inspeksjonsorgan i andre EØS-land som har tilsvarande akkreditering (Legionella).

Frank Mohn Flatøy AS – Oil & Gas må leggje fram vurdering frå akkreditert inspeksjonsorgan for kommunen ved Miljøretta helsevern innan 1.1.17 på sitt scrubberanlegg.

Vi gjer merksam på at det er mogleg å søkje kommunen om dispensasjon frå fristen med inntil 6 månader (§ 11c siste ledd).

**Vurdering av verksemdas luftscrubber frå akkreditert inspeksjonsorgan sendes kommunen ved Miljøretta helsevern innan 1.1.17.**

(e-post: [mjge@lindas.kommune.no](mailto:mjge@lindas.kommune.no) eller brev: Lindås kommune v/Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø)

Med helsing

Tord Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift:

Forskrift om miljøretta helsevern, Kapittel 3a. Krav om å hindre spredning av Legionella via aerosol

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)

**Kopi til:**

Geir Eikehaug